

Rutine for å setje inn tiltak og evaluere i saker som omhandlar trygt og godt skolemiljø Bore skule

Å setje inn tiltak og evaluere er ein av dei 5 delpliktene

Viss ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø, har skulen plikt til å setje inn tiltak for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Plikta gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt. Skulen skal aldri bagatellisere eleven si oppleving av skolemiljøet. Rektor skal sørge for at val av tiltak blir gjort ut frå fagleg- pedagogisk kompetanse og vurderingar.

Barnets beste- vurdering skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein set inn tiltak. Elevar som har tiltak retta mot seg har òg rett til å uttale seg om situasjonen og tiltaka. Barnets beste skal vurderast og for den som utøver krenkjande åtferd.

Tiltaka skal skrivast i ein aktivitetsplan, og malen for tiltak ser slik ut:

Tiltak 1	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for, og deltagarar på evalueringsmøte</i>	

Ein må sikre tiltak på individ-, gruppe- og systemnivå.

Slik utarbeider me tiltak på Bore skule:

- Ein tek utgangspunkt i kva ulike undersøkingar viser, og analysen av desse i utarbeiding av tiltak
- Forslag til tiltak blir drøfta, foreslått for elev og foreldre.
- kontaktlærar og representant frå sosial pedagogisk team utarbeider ein aktivitetsplan med tiltak, skildring av tiltak, grunngjeving av tiltak, tidspunkt for når tiltak blir iverksett, ansvar for tiltaket, og dato for evaluering av tiltak.
- Det blir frå kvart møte bestemt tid for neste evalueringsmøte, og kven som skal delta i dette. Bore skule ønskjer alltid at eleven skal delta. Eleven har rett til å uttale seg, men inga plikt. Foreldre og tilsette kan hjelpe eleven i møtet. Kor hyppige møter ein skal ha er avhengig av saka, og kor i saka ein står tidmessig; korleis det går. Ein ønskjer ikkje evalueringar like etter skuleferiar.
- I kvart evalueringsmøte evaluerer ein om tiltaka skal halde fram, fjernast, justerast, legge til nye tiltak. Ved endringar skal ein utarbeide heilt ny aktivitetsplan.
- Rektor har delegert dette arbeidet til kontaktlærar, sosial pedagogisk team, og avdelingsleiarar. Rektor deltek i saker som er spesielt alvorlege, eller der rektor er ønskja med.
- Tiltak skal vera lovlege, og sanksjonar skal vera heimla i Klepp kommune sitt ordensreglement.

Elev og foreldre kan klage saka inn til Statsforvaltaren. Rektor skal alltid varslast først.

